

**Sivilingeniør
ALBERT ØLNES AS**

Rådgivende ingeniør i
byggeteknikk og geoteknikk

Gjerdrum-utvalget

Att: Inge Ryan

Fagerstrand 09.08.2021

**NVE Veileder 7/2014 og Veileder 1/2019 – Sikkerhet mot kvikkleireskred
Etterspurt innspel av 28.mai 2021**

I brev av 28. mai d.å. er det etterspurt innspel frå bransjen om erfaringar med "Kvikkleireveiledaren". Her er mitt syn.

Eg tykkjer at veiledaren er dårleg, og det skuldast fleire forhold:

1. Ein veileidar skal vera kort, eintydig og presis formulert og uten rom for tolkningar. Veiledaren er ikkje det. Den er rotete framstilt og paginert
2. Den har ikkje definert kven som er mottakar og lesar. Den rettar seg både til offentlege sakshandsamarar og geoteknikarar, og det gjer den uoversiktleg og ugrei
3. Geoteknisk fagleg informasjon og beskrivelse av kvikkleire er informasjon som med hell kan leggjast bak som vedlegg, som ufaglerte kan lesa for eigen opplæring
4. Krav må samlast på ein plass og ikkje vera strødd over fleire stadar
5. Veiledaren har som mål å visa to typar krav, men desse må klargjerast betre:
 - Krav for offentleg sakshandsaming
 - Krav for geoteknikarar i prosjektering
6. Den er svak på naturlege skråningar
7. Den seier ikkje noko om kor langt ut grunnen skal undersøkjast

Det er to problemstillingar:

1. Utbygging i nytt landskap og lite bebyggelse rundt og inntil. Er greit
2. Bygging inne i etablert område. Det er ugreit, at ein som eksempelvis skal byggja ein bustad inne i eit etablert bustadområde, må gjennom full pakke med NVE avklaringar, inklusive grunnboringer og nabovurderingar, før byggjeløyve. Dette gjentek seg for kvar utbyggjar. Kostbart. Ta eksempelvis Baklandet i Trondheim der berekna sikkerheit på totalspenningsbasis er mindre enn 1.0, og såleis ikke tilstrekkeleg. Slike forhold må ein kommune avklara på overordna plan.

Fagfeltet geoteknikk slit i dag med kapasitet, og det er min påstand at ein del av det skuldast unødig arbeid knytta mot NVE-veiledaren og kommunale sakshandsamarar.

Med venleg helsing
Sivilingeniør Albert Ølnes AS


Albert Ølnes